

Prøvetakingsinstruks for bakteriologisk prøvetaking i vatn		Dok.id.:D00169 Ver.: 1.01 / 05.03.2025
Skrevet av: Hilde Aurvoll	Godkjent av: Hilde Aurvoll	Type: Instruks
Side 1 av 1		

Merknad til denne versjonen

Forlenget gyldighet til 05.03.2026

Rett prøvetaking, transport og oppbevaring av vassprøver er viktig når ein skal bestemme kvaliteten til vatn. **Mat-Miljølaboratoriet AS** har sterile 500 ml flasker til utdeling. Dersom vatnet er **klorert** må det brukast flasker tilsett natriumtiosulfat for mikrobiologiske analyser. Flasker kan hentast eller vert tilsendt ved forespørsel, porto vert belasta kunden.

Prøvetakinga må utførast på ein slik måte at ein ikkje tilfører ekstra bakteriar til vassprøva. Ein prøve er av avgrensa verdi. Ved undersøking av ein ny kjelde bør ein ta fleire prøvar fordelt over eit visst tidsrom (ulike klimatiske tilhøve/årstider). Ei prøve om hausten når det er mykje regn vil truleg syne det verst moglege resultat. Prøver frå leidningsnettet bør ein ta frå kran eller pumpe. Prøver frå borebrønner bør ein ta mellom pumpe og trykktank. Ein kan òg ta prøver frå ei kran inne i huset, td. på kjøkenet.

For mikrobiologiske analyser er det krav til **tida mellom prøvetaking og analyse***, for at analysane skal kunne bli oppgitt som akkrediterte. Ref: ISO 19458:2006 Apendix B. Dersom det er tvil om prøva er eigna til analyse vert kunde kontakta for å avtale nytt prøveuttak. Dersom kunden ynskjer prøva i retur må det avtalast med laboratoriet, og kostnad vert belasta kunden. Flasker som ikkje vert nytta skal leverast tilbake til Mat-Miljølaboratoriet AS.

PRØVETAKING:

***Før prøvetaking ta kontakt med laboratoriet og avtal transport og innsendingstidspunktet.**

Bruk sterile flasker som tek minst 500 ml.

- * Merk flaskene før fylling med vassfast tusj, med dato og klokkeslett for prøvetaking.
- * Fjern eventuelle ting som er festa til kranen, slik som sil, slange eller filter
- * Flamber munninga på kranen med gassbrennar/lighter, eller reingjer godt.
- * Skru opp kranen og la vatnet renne 3-5 minutt, ikkje juster trykket før du ut tek prøva.
- * Hold flaska i botnen med den eine handa og fjern korken med den andre. Flaskemunningen og den delen av korka som kan komme i kontakt vassprøva skal ikkje berørast av hende eller anna forureining.
- * Fyll flaska **nesten full**.
- * Sett på korken.
- * Fyll ut følgeskjemaet.
- * Plasser flaska i transportemballasjen. Går det meir enn 4 timer før prøva er framme på laboratoriet skal prøva sendes nedkjølt (ikkje frosen).